



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	18.06.2013
Tid:	13:30 – 18:45

Medlemer som møtte:

Camilla Storøy Hermansen	Medlem	KRF
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Medlem	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Olaug Andreassen	Medlem	AP

Forfall:

Per Kristian Furø	MEDL	AP
-------------------	------	----

Varamedlemer som møtte:

Henry Jøsokbakke	Per Kristian Furø	V
------------------	-------------------	---

Andre:

Rådmann Erlend Krumsvik
Sekretær Hilde B. Skinnnes
Prosjektleder anlegg og driftsavd. Lene Søvik Huldal
Planleggar utviklingsavd. Ole Magne Rotevatn

Planleggar Berit Sandvik Skeide
Leiar for økonomiavd. Geir Egil Olsen

Ingen hadde merknader til å handsame F-sak 113/13 etter F-sak 117/13.

KrF, Camilla S. Hermansen har fått signal frå innbyggjarar som ønskjer at Parken i Fosnavåg vert sett i stand og som ønskjer å bidra. Camilla etterlyste kva Herøy kommune kan bidra med. Rådmannen skal utarbeide sak som skal leggest fram til politisk handsaming. KrF skal bidra med sponsorarbeid i saksutgreiinga.

Rådmannen orienterte om status leigetakarar i Fristadbygget i Dragsund.

Tilstades var 8 faste og 1 vara, fulltalig.

Folk/SP, Kjell Runde fekk permisjon kl. 17.10 og gjekk frå møte etter F-sak 116/13 vart handsama.

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vart desse valde:
Camilla S. Hermansen og Ann-Kathrin (Tine) Storøy

Camilla S. Hermansen

Arnulf Goksøy

Ann-Kathrin (Tine) Storøy

underskrifter

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 101/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 102/13	Protokoll frå førre møte
PS 103/13	Delegasjonssaker
PS 104/13	Referatsaker
PS 105/13	Utbyggingsavtale Fosnavåg Vekst - utlegging til offentlig ettersyn
PS 106/13	Områdereguleringsplan for Fosnavåg hamne - slutthandsaming
PS 107/13	Kommuneplan for Herøy 2013-2025, samfunnsdelen - utlegging til offentlig ettersyn
PS 108/13	Godkjenning av kommunerekneskapen for 2012
PS 109/13	Årsrapport 2012
PS 110/13	Budsjettkontroll 1. tertial 2013
PS 111/13	Finansrapportering for Herøy kommune per 30.04.2013
PS 112/13	Tertialrapport per 01.05.2013.
PS 113/13	Bedriftsintegrasjon av Dragsund ASVO AS og Furene AS, med Furene AS som overtakande part .U.off. § 23.3.
PS 114/13	Søknad om pantefråfall. Stiftinga Kyrkjelydshus for Leikanger sokn
PS 115/13	Remøy skule - sal av skulen til Remøy og Sævik grendalag
PS 116/13	Namneendring - Vest kontrollutvalssekretariat
PS 117/13	Stiftinga Herøy Næringsforum - Vedtektsendring.

Delegasjonssaker frå avdelingane

DS 13/13	Søknad om kjøp av bustadtomt 12/307
DS 14/13	Kjøp av bustadtomt 12/308
DS 15/13	Kjøp av kommunal bustadtomt gnr 45 bnr 166
DS 16/13	Svar på søknad om tilskot kulturføremål 2013
DS 17/13	Søknad om utvida skjenketid 14.06. - tom 16.06. 2013 - Fosnavåg Brygge
DS 18/13	Kirsten Reite 12/115 - Løyve til tiltak utan ansvarsrett - takoverbygg og vegg over del av terrasse
DS 19/13	Søknad om utvidet skjenketid 25.05.2013
DS 20/13	Søknad om å ta skjenkeløyvet ut av lokalet i samband med Maritim sommarfestival - Hotel Neptun
DS 21/13	Svar på søknad om tilskot til kulturføremål 2013
DS 22/13	Svar på søknad om kulturmidlar 2013
DS 23/13	Svar på søknad om tilskot til kulturføremål 2013.
DS 24/13	Svar på søknad om kulturmidlar 2013
DS 25/13	Svar på søknad om tilskot til kulturføremål 2013
DS 26/13	Svar på søknad om kulturmidlar 2013
DS 27/13	Svar på søknad Kulturmidlar 2013
DS 28/13	Svar på søknad om tilskot til kulturføremål 2013
DS 29/13	Svar på søknad om tilskot 2013

Referatsaker

- RS 18/13 Kommentar til brev vedr. endring av vedtektene i Stiftelsen Herøy næringsforum.
- RS 19/13 Barnevernsmeldingar i perioden 01.01.13-30.04.13.U.off. §13
- RS 20/13 Bygdeutviklingsprisen 2013
- RS 21/13 Budsjettsituasjonen i skuleavdelinga
- RS 22/13 Opprop - organisering og forvaltning av opplysningsvesenets fond
- RS 23/13 VS: Herøy Næringsforum
- RS 24/13 Innspel frå kommunane, vg. skular, Helse Møre og Romsdal
- RS 25/13 Varsel om oppstart av planarbeid
- RS 26/13 Varsel om oppstart av planarbeid
- RS 27/13 Varsel om oppstart planarbeid.

PS 101/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 102/13 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre.

PS 103/13 DELEGASJONSSAKER

Møtebehandling:

Delegasjonssaker frå avdelingane låg føre.

PS 104/13 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre.

PS 105/13 UTBYGGINGSAVTALE FOSNAVÅG VEKST - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Møtebehandling:

Olav Arntsen frå Fosnavåg Vekst AS og Frode Pedersen frå Smedvik AS orienterte.

Prosjektleiari anlegg og driftsavd. Lene H. Søvik møtte.

Rådmannen si tilråding alternativ B vart samrøystes vedteken:

1. Herøy formannskap vedtek

Utbygger stiller ikkje garanti til kommunen

som tekst til punkt 8.1 i utkast til utbyggingsavtale.

2. Utkast til utbyggingsavtale med Fosnavåg Vekst AS vert lagt ut til offentlig ettersyn i 30 dagar. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §17-4.

Vedtak i Formannskapet - 18.06.2013

1. Herøy formannskap vedtek

Utbygger stiller ikkje garanti til kommunen

som tekst til punkt 8.1 i utkast til utbyggingsavtale.

2. Utkast til utbyggingsavtale med Fosnavåg Vekst AS vert lagt ut til offentlig ettersyn i 30 dagar. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §17-4.

PS 106/13 OMRÅDEREGULERINGSPLAN FOR FOSNAVÅG HAMNE - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Planleggar Berit Sandvik Skeide orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 18.06.2013

Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, forslag til områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn, med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist datert 5.6.2013.

Dette er eit enkeltvedtak, som kan påklagast jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan 3 veker frå kunngjering.

PS 107/13 KOMMUNEPLAN FOR HERØY 2013-2025, SAMFUNNSDELEN - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Møtebehandling:

Planleggar Ole Magne Rotevatn orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken med slike endringar:

Ap, Olaug Andreassen kom med slikt framlegg om endring i kulepunkt 1:
Rekruttering, busetting og inkludering.
Strategiar for at vi skal nå målsettingane:

- Kommunen skal vere aktivt ute og promotere kommunen med å nytte tradisjonelle og utradisjonelle arenaer for å nå arbeidstakarar frå andre europeiske land, der ein startar med dei baltiske landa.

KrF, Camilla S. Hermansen kom med slikt framlegg om endring i kulepunkt 3:
Rekruttering, busetting og inkludering.
Strategiar for at vi skal nå målsettingane:

- Kommunen skal ha god kvalitet på norskopplæringa til dei framandspråklege for betra inkludering i samfunnet.

Ap, Olaug Andreassen kom med slikt nytt delpunkt under Infrastruktur:
Kommunen vil arbeide for å gjere sentrum meir tilgjengeleg for mennesker med nedsett funksjonsevne.

KrF, Camilla S. Hermansen med slik endring i punkt 2 i tabell om Infrastruktur:
Etablere djupvasskai i Fosnavåg.

Ap, Olaug Andreassen kom med slik endring av punkt 8 i tabell for Barn, unge og identitetsbygging:
Styrke spesialiseringa for vern av barn.

KrF, Camilla S. Hermansen kom med framlegg om å fjerne punkt 23 i tabell Heilskapleg sentrum- og samfunnsutvikling:
Flytte vidaregåande skule til sentrum

Tilråding i Formannskapet - 18.06.2013

Kommunestyret vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 11-14, at forslag til *Kommuneplan for Herøy 2013-2025 Samfunnsdel* skal leggest ut til offentleg ettersyn i minst seks veker med slike endringar:

Rekruttering, busetting og inkludering.
Strategiar for at vi skal nå målsettingane, kulepunkt 1:

- Kommunen skal vere aktivt ute og promotere kommunen med å nytte tradisjonelle og utradisjonelle arenaer for å nå arbeidstakarar frå andre europeiske land, der ein startar med dei baltiske landa.

Rekruttering, busetting og inkludering.
Strategiar for at vi skal nå målsettingane, kulepunkt 3:

- Kommunen skal ha god kvalitet på norskopplæringa til dei framandspråklege for betra inkludering i samfunnet.

Nytt delpunkt under Infrastruktur:

Kommunen vil arbeide for å gjere sentrum meir tilgjengeleg for mennesker med nedsett funksjonsevne.

Slik endring i punkt 2 i tabell om Infrastruktur:

Etablere djupvasskai i Fosnavåg.

Slik endring av punkt 8 i tabell for Barn, unge og identitetsbygging:

Styrke spesialiseringa for vern av barn.

Fjerne punkt 23 i tabell Heilskapleg sentrum- og samfunnsutvikling:

Flytte vidaregåande skule til sentrum

PS 108/13 GODKJENNING AV KOMMUNEREKNESKAPEN FOR 2012

Møtebehandling:

Leiar for økonomiavd. Geir Egil Olsen møtte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 18.06.2013

Herøy kommune sin rekneskap for 2012 vert godkjent slik det går fram av saksdokument og vedlegg.

PS 109/13 ÅRSRAPPORT 2012

Møtebehandling:

Formannskapet kom med framlegg om å oppdatere antall offshorefarty og tilsette i bransjen.

Ap, Olaug Andreassen kom med merknad om å endre antall menn og kvinner i tabellen for politikarar i Arbeiderpartiet.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 18.06.2013

Årsrapporten for 2012 vert godkjend.

PS 110/13 BUDSJETTKONTROLL 1. TERTIAL 2013

Møtebehandling:

Leiar for økonomiavd. Geir Egil Olsen møtte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 18.06.2013

Budsjettkontrollen per 30.04.2013 blir teken til vitande.

PS 111/13 FINANSRAPPORTERING FOR HERØY KOMMUNE PER 30.04.2013

Møtebehandling:

Leiar for økonomiavd. Geir Egil Olsen møtte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 18.06.2013

Finansrapporten per 30.04.2013 vert tatt til vitande.

PS 112/13 TERTIALRAPPORT PER 01.05.2013.

Møtebehandling:

Leiar for økonomiavd. Geir Egil Olsen møtte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 18.06.2013

Saka vert tatt til vitande.

**PS 113/13 BEDRIFTSINTEGRASJON AV DRAGSUND ASVO AS OG FURENE AS,
MED FURENE AS SOM OVERTAKANDE PART. U.OFF. § 23.3.**

**PS 114/13 SØKNAD OM PANTEFRÅFALL. STIFTINGA KYRKJELYDSHUS FOR
LEIKANGER SOKN**

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 18.06.2013

1. Pantefråfall vert innvilga som omsøkt under føresetnad av at stiftinga startar nedbetaling av det kommunale lånet med kr 20.000,- per år frå og med år 2018.

**PS 115/13 REMØY SKULE - SAL AV SKULEN TIL REMØY OG SÆVIK
GREN DALAG**

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 18.06.2013

1. Herøy kommune tilbyr Remøy og Sævik grendalag å overta Remøy skule – gnr. 12 bnr. 44 samt del av gnr. 12 bnr. 5 – vederlagsfritt.
2. Herøy kommune dekkjer omkostningane ved overdraging av eigedomen. Som økonomisk driftstilskot, yter Herøy kommune fyrste driftsår kr. 50 000, finansiert over eigedomsavdelinga sitt driftsbudsjett for 2013.
3. Ordføraren får fullmakt til å signere salskontrakt ved eventuell avhending.
4. Dersom Remøy og Sævik grendalag ikkje ynskjer å overta Remøy skule på ovannemnde vilkår, ber Formannskapet om at eigedomen vert omregulert og lagt ut for sal som bustadområde.

PS 116/13 NAMNEENDRING - VEST KONTROLLUTVALSSEKRETARIAT

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 18.06.2013

Herøy kommunestyret har ikkje merknad til at namnet Vest kontrollutvalsekretariat vert endra til Vest kontroll.

PS 117/13 STIFTINGA HERØY NÆRINGSFORUM - VEDTEKTSENDRING.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart vedteken mot KrF, Camilla S. Hermansen si røyst.

Tilråding i Formannskapet - 18.06.2013

Herøy kommune har ikkje merknader til endringane i vedtektene for Herøy Næringsforum datert 11. april 2013 slik dei går fram av vedlegget.

MØTET SLUTT!